



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
11.05.2016
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2016/3900 612
Dykkar referanse
«REF»

Til ikkje-kommunale barnehageeigarar som har to eller fleire
barnehagar på tvers av kommune- og/eller fylkesgrenser

Utlysing av kompetansemidlar til ikkje-kommunale barnehageeigarar Prøveordning 2016

Kunnskapsdepartementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å gjennomføre ei nasjonal
prøveordning med å utlyse kompetansemidlar til ikkje-kommunale barnehage eigarar som har
to eller fleire barnehagar på tvers av kommune- og/eller fylkesgrenser. Gjennom denne
ordninga vil ein gjere erfaringar for om mogleg å leggje betre til rette for
kompetansehevingstiltak til denne gruppa eigarar i framtida.

Det er sett av 10 millionar kroner til føremålet.

Fylkesmannen i Hordaland har fått i oppdrag å forvalte ordninga. Dette betyr å vurdere
søknadene, prioritere og tildele midlane.

Midlane skal brukast i samsvar med føringar og mål i «Kompetanse for framtidens barnehage, Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020».

Innan dei fire tematiske satsingsområda i kompetansestrategien, blir tre område framheva som
særleg viktige.

- Språkmiljøet i barnehagen og barn si språkutvikling

Kompetanseutviklingstiltak skal sjåast i samanheng med *Språkløyper*¹ - Nasjonal strategi for
språk, lesing og skriving (2016 -2019).

- Realfag i barnehagen

Tiltak skal sjåast i samanheng med *Tett på realfag*² - Nasjonal strategi for realfag i
barnehagen og grunnopplæringa (2015 -2019).

- Læringsmiljøet i barnehagen

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumentar/sprak--lese--og-skrivestrategi/id2460761/>

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumentar/tett-pa-realfag/id2435042/>

Søknaden skal vise tiltak som støttar læringsmiljøet i barnehagen. Tiltak skal sjåast i samanheng med NOU 2015:12.³ - *Å høre til – Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø.*

Barnehagebasert kompetanseutvikling skal vere førande

Den barnehagebaserte kompetanseutviklinga skal inkludere heile personalgruppa i barnehagen. Å arbeide med barnehagebasert kompetanseutvikling fordrar at barnehageeigarar og barnehageleiarar (styrarar) forankrar utviklingsarbeidet i eiga verksemد, og leiar prosessane i personalgruppa.

Samarbeid med fagmiljø skal inngå som del av kompetanseutviklingstiltaka

Det skal gå fram av søknaden kva miljø og korleis det aktuelle miljøet skal medverke. Det skal også gå fram kva kostnader som er knytt til bruk av fagmiljø. Eksempel på fagmiljø kan vere universitet, høgskular og nasjonale sentre. Tiltaka skal i størst mogleg grad gjennomførast i barnehagen. Dette inneber at det aktuelle fagmiljøet, så langt det let seg gjere, deltek og rettleiar utviklingsarbeidet i den einskilde barnehage. Fagmiljøet skal medverke med faglig støtte, men står ikkje ansvarlig for kompetanseutviklinga i den enkelte barnehage. Dette er barnehageeigar sitt ansvar.

Kriterier for tildeling av midlar til ikkje-kommunale barnehageeigarar

- Midlane kan tildelast til ikkje-kommunale barnehageeigarar som har to eller fleire barnehagar på tvers av kommune- og/eller fylkesgrenser.
- Barnehageeigar må legge ved plan for kompetanseutvikling som omfattar alle barnehagar, og som elles er i tråd med føringar som nemnt i avsnitt over. Planen må legge barnehagane sine kompetansebehov til grunn, og legge vekt på samarbeid og heilskapleg tenking for kompetanseutvikling.
- Søkjarane må orientere om barnehagar lokalt har søkt om statlege midlar til like tiltak forvalta av barnehagemyndigheita. Dette er dei midlane som barnehagemyndigheita får tildelt frå Fylkesmannen til kompetanseauke i barnehagesektoren i kommunen.

Søknad og rapportering

Ein søker på vedlagte søknadsskjema. Fyll ut eitt søknadsskjema for kvart tiltak/prosjekt. Midlane blir utbetalt direkte til barnehageeigar sin konto i 2016, og kan brukast i barnehageåret 2016 - 2017.

Innan 15. desember 2016 skal eigar rapportere på korleis midlane er brukt så langt, og korleis ein planlegg å bruke tildelte midlar i resten av barnehageåret. Sluttrapportering i mai 2017. Det blir sendt ut eit eige rapporteringsskjema.

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumentar/nou-2015-2/id2400765/>

Frist for delrapport: 15. desember 2016.

Frist for sluttrapport: 15. mai 2017.

Søknadsfrist: 15. september 2016

Søknaden skal sendast elektronisk til Fylkesmannen i Hordaland
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.